

**Arkivsak**

25/00067-1

Saksbehandler

Marianne Lundeborg

Saksgang

Tokke kontrollutval

Møtedato

13.03.2025

Årsmelding for kontrollutvalet 2024

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte Årsmeldinga 2024 for Tokke kontrollutval til vitande.

Saksopplysninger

Kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid, jfr. Kommuneleven § 23-5. Rapportering frå kontrollutvalet til kommunestyret skjer løypande gjennom året ved at saker og rapportar vert send over til kommunestyret for vidare handsaming.

I tillegg utarbeider kontrollutvalet kvart år ei årsmelding som vert send over til kommunestyret til orientering. Årsmeldinga skal saman med møte- og arbeidsplanen for same periode gje kommunestyret ein moglegheit til å følgje med på om dei vedtekne planar, oppgåver og målsettingar blir følgt opp.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt verktøy innan kontroll av kommunen si verksemd. Kontrollutvalet utfører oppgåver med heimel i kommunelova og på oppdrag frå kommunestyret. I tillegg kan kontrollutvalet sjølv vurdere om dei ynskjer å handsame andre saker.

Utkast til årsmelding for 2024 blir lagt frem for godkjenning i utvalet, som dernest sender den endelege årsmeldinga vidare til handsaming i kommunestyret.

Vedlegg:

- Årsmelding 2024 Tokke kontrollutval